

Delar av Husnes får i morgontimane tysdag straumen frå SØRAL og resten frå Blåfalli via Uskedalen etter at det klokka 05.15 var ein eksplosjon i ein effektbrytar i hovudforsyninga til Husnes-området. Eksplosjonen skjedde i trafostasjonen nær Sørøal-rundkøyringa.

Husnes, Sunde og Valen mista straumen i halvannen time fordi Kvinnherad Energis folk ikkje kunne gå inn i stasjonen med ein gong på grunn av røykutvikling. Først klokka halv sju kunne dei koma inn og kople inn ei naudløysing.

I slike tilfelle kan det oppstå giftige gassar og nettansvarleg Gerhard Myklebust seier til innsida.no at situasjonen var ganske dramatisk.

Naudløysinga er ikkje prøvd før, men direktør Terje Enes opplyser til Kvinnheringen at den fungerer greitt.

Det kan gå tre-fire veker før skaden er reparert. Men Enes er litt usikker på om naudløysinga klarar å halda spenninga oppe hvis det blir kuldegrader.